

PROAS



## ProWorker 900

Uten Bakk

Proas AS

Budavegen 25

6082 GURSKEN

[post@proas.net](mailto:post@proas.net)

Tlf: 936 99 653

[www.proas.net](http://www.proas.net)

Oversikt over standard leveringsomfang

2 - 2018

**Båten vert bygd etter følgende normer:  
Nordisk Båtstandard. Forskrift om fiske og fangstfartøy under 15 meter.  
Forskrift om maritime elektriske anlegg.**

L = 899, B= 367, Volum lasterom 6,5kbm, Dekk L= 485, B= 343

**LEVERINGA OMFATTAR:**

- **Skrog/dekk/overbygg**  
Skrog, dekk, rekker, bakk, og overbygg i GRP. Mesanhus med dør i aluminium. To delt Libra dør til styrhus. Skylight som rømmingsveg frå lugar på framdekk. Lasteromsluke i aluminium med småluke om lag 50x50cm. Fastskrudd flush luke over maskinrom. Innstøypt rør til baugpropell. Fenderlist. Slitebelte støypt på SB side. Vindu med herda glass i aluminiums ramme i front og på sider.
- **Framdriftsanlegg**  
Motor: *Perkins M300c, sluregear*, fleksibel hylse med grease/vassmurt gummilager, pakkboks med talgpakning, rustfri aksel, fireblada propell. Ror. Rustfri roraksel med beslag og skroggjennomføringar. Andre motoralternativ på forespørsel.
- **Elektrisk anlegg**  
Topola anlegg. Batteri: Start 2x110 amp. / forbruk 2x140 amp. / VHF 40 amp. Brytar for naudsamankopling av batteri. Felles brytar og sikringstavle bak på SB side i styrhus. Alarmsentral for vasstand, røyk, og varme i maskinrom samt røyk i styrhus. Lanternekontroll. Fire lanterner samt to rundtlysande raude lanterner og ei kvit lanterne. 2 stk. lysarmaturar i maskinrom. 1 dekklys i mast. Innfelt led lys i tak styrehus og lugar.  
*Landstraum 230V med ein dobbel stikkontakt i pantry.*
- **Pumper**  
Manuell pumpe for maskinrom i maskinromsnedgang. Elektrisk pumpe i maskinrom og innreiing/lugar med brytarar i styrhus. Elektrisk pumpe i lasterom, 1 toms spylepumpe med magnetkløtsj og uttak i mesanhus. Pumpe i lasterom og spylepumpe har brytar på maskinromsnedgang. Pumpe og tank for lensing av olje på motor.
- **Tankar**  
2 stk. dieseltankar à ca 350 l med stengehøve på dekk i tilfelle brann. 1 stk. vasstank ca 100 l. Varmtvasstank ca 30 l med oppvarming frå kjølvatn på motor.
- **Rekker/leider**  
Rekker, handtak på styrhustak og naudleider på hekk i polert syrefast stål.
- **Fortøyingsutstyr**  
To kraftige pullertar på framdekk og to på kvar side akter. Anker med kjetting og line.
- **Mast**  
Radarmast med monteringsplate for radar, lyskastar, antenner og mast for signallys.
- **Styring**  
Hydraulisk styring med ratt inne.
- **Kontrollhendlar**  
Hendlar for gass, gir, og slureventil på dekk og hendlar for gass og gir i styrhus.

- **Interiør styrhus/lugar**  
Skott i styrhus og lugar er trekte med polstra grå skai. I tak er det plater trekte med polstra skai. Benke- og sofasider i grå plast. Skapdører/skuffefrontar, benkeplate i eik laminat, lister, bord osv. i eik laminat/lakka eller olja massiv eik. Dørk er belagt med vinylbelegg.
- **Stol, puter og madrassar**  
*NorSap R-0012 styrestol i svart hud*, sofaputer i hud med matchande farge til styrestol og 2 stk. madrassar i lugar med gråaktig tekstil trekk.
- **Baderom med tilgang frå dekk.**  
Elektrisk pumpetoalett, vask på toalett med blandebatteri og dusjslange. Avlaup for dusj i golv.
- **Pantry i styrehus**  
Skap og skuffeseksjon, rustfri oppvaskkum med blandebatteri, trykkvasspumpe, induksjon eller sprit kokeapparat. Kjøleskap i sofabenk.
- **Varme**  
Varmar driven av motoren sitt kjølvatn med følgjande uttak: 1 stk. i styrhus og lugar. Defrosterdyse i styrhus under frontrute. Dieselvvarmar med 1 uttak i styrhus og 1 i lugar.
- **Redningspakke**  
Redningsflåte 4 person, 1 overlevingsdrakt, 1 livbelte med lys 1 Jotron nødpeilesendar, 1 Jotron AIS-SART, 1 Jotron VHF radio, 6 fallskjerm-rakett, 4 håndbluss, 2 røyksignal boks, 3 brannslukker 6KG pulver, 1 livbøye 2,5KG m/ livbøyelys og line. 1 stk VHF fastmontert i konsoll over vindu i styrhus.
- **Ballast**  
Naudsynleg ballast er innstøpt
- **Forsikring**  
Proas AS held båten forsikra i byggjetida. Ved overtaking tek kjøpar over forsikringsansvaret.
- **Godkjenning**  
Krengoprøve og godkjenning med nødvendig dokumentasjon frå godkjent foretak.
- **Følgjande er ikkje med i standard leveranse**
  - Garn/notbinge
  - Halvshelter
  - Mesanmast og segl
  - Tørkerom
  - Baugpropell (tunell er innstøpt)
  - Trim flaps
  - Hydraulikkanlegg
  - Kraner, kraftblokk, juksamaskiner og anna fiskeutstyr.
  - Elektroniske manøverhendler
  - Navigasjonsutstyr
  - Radio/ musikkanlegg
  - Inverter 230v
  - Godkjenning av radioanlegg (VHF)

Ta kontakt på 93699653 eller [post@proas.net](mailto:post@proas.net) for pris og ytterlegare opplysningar.